

Sats på jenter i byggebransjen!

Manglane fagutdanning er eit stadig større problem for norske verksemder. I følgje SSB kjem me til å mangle 125 000 yrkesfagarbeidrarar, 50 000 av desse i byggebransjen innan 2035. Samstundes syner ei Norstat-undersøking for Nelfo i 2016 at sju av ti nordmenn meiner yrkesfag har låg status. Dette er ei skremmande utvikling, og denne utviklinga må politikarane ta grep om. Ein måte å gjera dette på er ved å rekruttera fleire jenter.

Betre rådgjeving

Når det framleis er slik at jenter får beskjed om at å velja bygg- og teknikkfag ikkje passar til dei fordi det er “for tungt” eller at “ein hadde passa betre som sjukepleiar” har me eit problem. Rådgjevartenesta er for dårlig og må betrast. Me må syta for at rådgjevarane våre ikkje snakkar ned verken yrkesfag eller jenter.

Rekkrutteringa skjer best ved å vera der ungdommane er. Difor må skulane samarbeida meir med næringslivet både gjennom faget “utdanningsval” på ungdomsskulen, og på yrkesmessene kringom fylket. Ein må inspirera fleire jenter til å gjera noko som ikkje alle andre gjer.

Fleire læreplassar

Når jentene har valt å sikta seg inn på byggebransjen må det vera ein læreplass til dei. Ei stor utfordring i dag er at det er ubalanse mellom talet på læreplassar og ungdom som vil utdanna seg innanfor til dømes elektrofaget. Ungdommane kjem til å ta andre utdanningsvalg om det er mange som ikkje får læreplass, og soleis kjem fagarbeidarmangelen til bli endå større i framtida. Me må lovfesta retten til læreplass, og syta for at det er attraktivt for verksemndene å rekruttera jenter.

Ta omsyn til kvinner sine behov

Det er ei skam at ein i 2020 framleis høyrer historiar om kvinner som må skifta bak ei dusjgardin i herregarderoben på jobb, eller om at dei får ei bøtte å tissa i. Garderobeforholda må og skal vera tilrettelagt for kvinner. Dette MÅ på plass om ein skal rekruttera kvinner til byggebransjen.

Tryggleik og trivsel er viktig for å bli i faget, og ikkje minst viktig for å koma attende etter svangerskap- og fødselspermisjon. God tilrettelegging, verksemder som ser fagarbeidaren og ikkje berre ein veksande mage, er gull verdt når ein seinare skal attende til yrket etter permisjonstida. Det handlar om å vera ynskja og ikkje bli sett på som kravstor og eit problem.

Å bli møtt med tilpassa arbeidstid i en periode med amming, barnehagelevering og henting, er viktig for å halda på kvinnene både i faget og yrkeslivet. Me må få bukt med denne diskrimineringa. Får vi bukt med denne diskrimineringa vil det og ha ringverknader for familar der far er i byggebransjen, ved at auka aksept for å ta ut permisjon og det å vere heime med sjukt born gir betre likestilling i familiene.

Fylkeskommunen og opplæringskontora har eit særskilt ansvar.

Fylkeskommunen har ansvar for vidaregåande opplæring. Me må syta for at jenter som vel utradisjonelle fag ikkje sluttar underveg - slik alt for mange gjer i dag. Ein må bli flinkare til å stilla spørsmål ved kvifor elevane vel å byta linje, og nyttja dei attendemeldingane ein får til å syta for at ikkje fleire vert utsett for det same. Kommunane må ta sitt ansvar for tilrettelegging av lærlingplassar ved å opprette kommunale lærlingplassar. Dei må også stille krav om lærlingplassar i anbodskonkurransar.

Vedteke årsmøte Vestland SV 9. februar